

<b>LINDÅS KOMMUNE</b>	
Klæbering	
29. 06. 2015	
Art. bokstiff.	Løpenn.
Stift.	Tilgjengsheds

MOTTATT.

30 JUN 2015

Til

Lindås Kommune

Isdalstø

Gjeld kløge på avvisningsvedtak, jfr. §§ 28-36.

**Gjeld opplysningar om eigedom Gnr 237/13 Totland i Lindås kommune.**

Viser til brev av 23.06.2015 frå Byggesaksavdelinga i Lindås kommune. Saka gjeld søknad om utleppsløyve, fremja for meg gjennom ansvarshavar Lindås Rør og Sanitær, v/ Leif Nævdal. Der vart eg orientert om at søknaden er avvist grunna ufullstendig søknad. Referanse: 15/2239 -15/23172, sakshandsamar Anne Lise Molvik.

Eg sender difor slik dokumentasjon på dei punkta som er kommentert:

1. Merknad nr.1 frå Lindås kommune. I matrikkelen er eigedommen registrert som naust, medan det vert søkt om utleppsløyve frå fritidseigedom.

**Min kommentar:** Eg har ikkje vore kjend med at eigedommen berre er registret som naust, og ikkje som fritidseigedom, før eg mottok dette brevet. Eigedommen har alltid, frå år1942, vore brukt som fritidseigedom. Eg vil her dokumentere dette, og ber såleis om at Lindås kommune på bakgrunn av desse opplysningane registrerer Gnr 237/13 som fritidseigedom.

- Den 20/04/1942 kjøpte Håkon Baugstø eigedomen frå Ivar J Bjørge, eigar av bruksnummer 1 av Totland. Han døypte eigedomen «Fredheim». I kjøpekontrakten finn ein mellom anna følgjande formulering: «Kjøperen skal ha rett til å anlegge en brønn overfor sin tomt med vannledning frem til tomten.» Fritidseigedommen vart reist, med nausthus i første høgda, og buareal i andre høgda. Der er det stove, kjøkken og soverom. Det vart innlagt vatn frå eigen brønn, som omtala i kontrakt og skøyte. (sjå vedlegga 1 og 2.) Vatn frå eigen brønn har såleis vore nytta heilt fram til i dag. Det vart også innlagt straum i hytta.
  - Den 23/06/1961 kjøpte bestefaren min, Ole Linde, eigedomen frå Håkon Baugstø. I skøytet står å lesa: «Undertegnede Håkon Baugstø, Bergen, født 5/8-1895 skjøter og overdrar med dette sitt landsted «Fredheim» II av Totland....» Det går her tydeleg fram at eigedomen er eit «landsted» - det same som vi i dag kallar «fritidseigedom». (sjå vedlegg 3)
  - Den 19/08/1981 vart fritidseigedommen skøytt over til mor mi, Kari Holsen, og sidan 28/10/1993 har eg, Lise Hårklau Holsen, stått som heimelshavar av Gnr 237/13 Totland. I desse åra har vi heile tida motteke og betalt kommunal renovasjonsavgift til NGIR. Denne er merkt med «Renovasjonsgebyr fritidsbustad» (sjå vedlegg 4 – faktura utsendt for 1. halvår 2015 - NGIR)
2. Merknad nr.2 frå Lindås kommune. Tiltaket er ikke i samsvar med plan. Fordi eigedomen ligg i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-føremål med spreidd naustbygging....mv.

**Min kommentar:** Mi oppfatting er at fordi Lindås kommune ikkje tidlegare har registrert eigedomen som fritidsbustad, slik den har vore heile tida sidan 1942, har dette ikkje vorte teke omsyn til ved utarbeiding av arealplanen for kommunen. Det ligg fritidseigedomar langs heile strandlina i dette området, frå neset aust for Totlandsvika og til Eknesvågen, og eg finn det naturleg at også min eigedom vert handsama på line med desse eigedomane. Eg ber difor om at kommunen regulerer eigedomen slik det ville vore gjort om kommunen tidlegare hadde registrert han som fritidsbustad.

3. Merknad 3 frå Lindås kommune. Tiltaket er ikke nabovarsla. Anlegget skal etablerast delvis på eigen grunn. Det ligg ikkje føre erklæring med løyve til å leggja leidningar over privat grunn.

**Min kommentar.** Eg har ikkje vore kjend med at dette var naudsynt. Dette er no i orden, og eg legg difor ved kopi av nabovarsel og underskrift på mottak av desse. Eg legg også ved kopi av avtale med grunneigarar for løyve til å leggje leidningar over deira grunn. ( sjå vedlegg 5 og 6)

4. Merknad 4 frå Lindås kommune. Avlaupsanlegg med slamavskiljar skal knytast til kommunal slamtømmeordning på kommunale vilkår..mv

**Min kommentar.** Eigedomen har i dag innlagt vatn frå eigen brønn. Utsleppet av gråvatn går rett i sjø gjennom grunnen. Eigedomen har i dag utedo. Kagge vert graven ned på gamal vis. Dette er ikkje tilfredsstillande sanitære tilhøve for bruk av eigedomen. Eg ønskjer difor, også med tanke på ivaretaking av miljøet, å få ei ordning der både gråvatn og kloakk vert reinsa gjennom eigen septiktank, med utslepp til sjø.

I samband med byggjing av bustadhus for Eli og Stig Aakre på Totland, vart det godkjent og etablert utslepp for kloakk/vatn i Totlandsvika. Det vart laga veit med utslepps-leidning, som ligg omlag 20 meter frå grensa til min eigedom. Samstundes som dette anlegget vart laga, fekk eg lagt ned kommunal vassleidning til eigedomen min. Eg har betalt tilknytingsavgift til Lindås kommune for dette. Det er traktorveg fram til eigedomen min. Det ligg føre dokumentasjon i søknaden om slamtømming med traktor. Eit anna alternativ kan vere ordninga med tømning frå båt – ordninga som er godkjent for tømning for nabofritidseigedomen i aust – eigar er Arnt Olav Ringheim.

Eg ber med dette om at kommunen rettleier meg på beste måte i denne saka, slik at handsaming av søknaden om utslepp kan få eit positivt utfall både for meg som eigar og for miljøet.

Bergen 30.06.2015

Med venleg helsing

  
Lise Hårklau Holsen

Grimseidvegen 494, 5259 Hjellestad

Tlf. 952 81 321